



Samnøy Maskin AS
Stormarkvegen 26
5947 FEDJE

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/212 - 22/2124

Sakshandsamar:
Øyvind Tolleshaug
oyvind.tolleshaug@fedje.kommune.no

Dato:
05.05.2022

Løyve til å leggja ut flytebrygge på gnr. 168, bnr. 47.

Administrativt vedtak. Saknr: 016/22

Saksutgreiing:

Byggeplass : Gnr. 168, bnr. 47, på Steinborg

Type arbeid : Utlegging av flytebrygge

Tiltakshavar : Fedje fryseri AS

Ansvarleg søkjar : Samnøy Maskin AS

Ansvarleg prosjekterande : Samnøy Maskin AS

Ansvarleg utførande : Samnøy Maskin AS

Om tiltaket :

Søknaden gjeld rammeløyve og igangsettingsløyve for utlegging av flytebrygge med lengde 22 meter og breidde 2,6 meter. Brygga har ikkje utliggarar.

Kommuneplan / reguleringsplan :

Området er på land regulert til industri. Planen gjeld ikkje for sjøarealet. Her gjeld kommuneplanen og føremålet er farlei (underområde av § 11-7 nr 6 i plan og bygningslova). Etter føresegnene til kommuneplanen er tiltak som ikkje er til ulempe, tillate i farleier.

Industriverksemda på eigedommen er Feddi Distillery. Som ein del av si verksemd har dei omvisingar for interesserte. Det er i denne samanhengen dei treng flytebrygga.

Nabovarsel :

Kvittering for nabovarsel er levert.

Ansvar :

Erklæring om ansvarsrett er levert. Erklæringa dekker søkjar, prosjektering og utføring.

Avkøyrsløys og parkering :

Eigedomen har godt med parkeringsplassar. Det vert inga endring når det gjeld avkøyrsløys.

Havne og farvannslova.

Kommune gjev no rammeløysve og igangsettingsløysve. Kommunen sender søknaden til Bergen Hamn Farvannsforvaltning IKS for handsaming etter havne- og farvannslova. Dersom dei gjev løysve, kan arbeidet starta.

Vedtak

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20 og § 20-4 og § 21-4 i plan- og bygningsslova, gjer teknisk sjef følgjande vedtak :

Samnøy Maskin AS får løysve til å leggja ut flytebyggja på 22 meter x 2,6 meter og gangbru frå land, slik det er søkt om. Løysvet gjeld på gnr. 168, bnr. 47.

Vilkår for løysvet :

Kommunen skal ha skriftleg melding når tiltaket er gjennomført. Lovheimel : § 21-10 i pbl.

Fedje Fryseri AS er tiltakshavar.

Øyvind Tolleshaug
Plan- og utbyggingssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Samnøy Maskin AS Stormarkvegen 26 5947 FEDJE